



Open kjeldekode forandrar verda
og skapar framtida, for ellefte år på rad.
Vil du vera med?

Google Summer of Code har gjennom meir enn 440 open kjeldekode-prosjekt samla nær 8 500 studentar, som til saman har skrive millionar av linjer med kode. Vi er no ute etter mentorar og studentar som kan bidra til at 2015 vert det beste Summer of Code-året til no!

Google Summer of Code har som ambisjon å oppmuntra studentar til å delta i utvikling av open kjeldekode. Programmet byrja i 2005 og har fleire formål:

- Å inspirera unge utviklarar til å delta i utvikling av open kjeldekode
- Å gi studentar i informatikk og liknande fagfelt sjansen til å arbeida med noko om sommaren som er relevant for studiane
- Å gi studentar meir erfaring med praktiske programutviklingssituasjonar (t.d. distribuert utvikling, spørsmål om programvarelisensar, etikette på epostlister, osv.)
- Å utvikla og gi ut open kjeldekode som alle kan få nytte av
- Å hjelpe open kjeldekode-prosjekt med å finna og henta inn nye utviklarar og bidragsytarar

Vi tilbyr studentane som gjennomfører eit prosjekt eit stipend på 5 500 USD, for at dei skal kunna konsentrera seg fullt ut om kodinga i tre månader. Heile opplegget går føre seg over Internett. Studentar og mentorar frå meir enn 100 land har vore med i tidlegare år.

Google tek imot søknader til open kjeldekode-prosjekt frå 9. til 20. februar 2015, og studentsøknader frå 16. til 27. mars 2015.

Fullstendig informasjon om kven som kan vera med, korleis du søker, og den uunnverlige t-skjorta, finn du på www.google-melange.com